


Miljøstatus Bævra

Sist oppdatert juni 2008



Bævra ved utløp Svorka kraftverk


Foto: Statkraft



Lakseførende strekning: 21 km av totalt 25 km
Midlare vassføring nedstrøms kraftverk: 13 m³/s
Nedbørsfelt i km²: 243
Magasin: Bævervatn, Krokvatn, Solåsvatn, Gjetøvatn, Andersvatn, Langvatn og Måvatn
Kraftverk: Svorka kraftverk og Nordsvorka kraftverk.
Vassdraget påverka av utbygging frå 1963
Produksjon: 124 GWh, tilsvarar straumforbruket til ca 6150 husstandar
Klassifisering i vassdirektivet: Ikkje bestemt



Tettleik av ungfisk av laks eldre enn årsungar




Undersøkingar gjort ovanfor utløp kraftverk. Usikkert om dei er gjort på dei same stasjonene alle åra.

Kilde: Litteraturliste pkt 2 og 4




Gytfiskteljing



Kilde: Litteraturliste pkt 1 og 4



Fangst av laks og sjøaure



Kilde: SSB



Parti frå Bævra

Foto: Rolf Y. Jenssen



Bru ved utløpsosen

Foto: Rolf Y. Jenssen



Bru oppstrøms Svorka kraftverk

Foto: Monika Klungervik

Data er samla inn frå NVE, Statistisk sentralbyrå, Fylkesmannen og Statkraft. Vurderingane vist som "trafikkkljos" er utført av Statkraft Energi AS. Tydinga av dei ulike trafikkkljos er som følgjer:





God og stabil status



Middels god og/eller variabel status



Dårlig og ustabil status



Kartgrunnlag: © Statens Kartverk/Tillatelsesn. 2001/553

Viktige forhold i vassdraget:

Vassføringa overfor Svorka kraftverk er kraftig redusert. Nedanfor kraftverket er fordelinga over året påverka, men den totale vassføringa er uendra. Sideelva Svorka hadde ein lakseførande strekning på 1 km, etter reguleringa er det umogeleg for laks å vandre der. På grunn av kanalisering og forbyggingar er det mangel på større steinar og blokker, dette skapar mindre skjul og standplassar for fiske.

Gyrodactylus salaris blei påvist 1986, rotenonbehandla same år og i 1989, vassdraget blei friskmeldt i 1994. Mellom 1988 og 1993 var det forbode å fiske laks og sjøaure, og det blei ikkje sett ut fisk.

Overvaksningsundersøkingar etter rotenonbehandlinga har vist ei auke i produksjon av lakseungar.

I vassdraget er det eit utsetjingspålegg på 10000 laksesmolt og 30000 einsomrige lakseungar.

Bævra er tidligare kultivert med stamlaks frå Surna på grunn av mangel av lokal stamfisk. Frå 2010 skal det nyttast stadeigen stamfisk som grunnlag for kultiveringsarbeidet.



Bævervatn dam

Habitatforbedrande tiltak:

Regulanten har ikkje gjort noko habitatforbedrande tiltak. Svorka kraftverk har ein sjølvpålagt restriksjon på ein langsam nedkøyring av kraftverket for å hindra stranding av fisk og bunndyr. Det er og ein sjølvpålagt restriksjon for å unngå stans av Svorka kraftverk under smoltutsetjing. I perioden 2005-2009 skal det gjennomførast fiskebiologiske undersøkingar som skal danna grunnlag for eventuelle nye tiltak utover fiskeutsetjingar.

Statkraft si vurdering:

Ungfiskbestanden av laks og sjøaure er framleis noko redusert (kategori 5a i DN's vurdering). Når fiskeutsettingane basert på bonitering og kultiveringsplanane er gjennomført over ei lengre periode, meiner Statkraft at fiskebestandane igjen vil vera på eit akseptabelt nivå. Dette vert kontrollert gjennom ungfisk og -gytefiskteljingar fram til 2009.

Relevant litteratur:

1. Fiskebiologiske undersøkelser i Bævra, kvartalsrapport desember 2005. NINA
2. Evaluering av utsetjingspålegget i Surna og Bævra. Oppdragsmelding 338, NINA
3. Bonitering og kultiveringsplan for laks i Bævra og Bjørkevassdraget. Miljøvern avdelingen, Fylkesmannen i Møre og Romsdal.
4. NINA - rapport 267. Laks og sjøørretbestanden i regulerte Bævra, Møre og Romsdal

"Miljøstatus for regulerte vassdrag" utarbeidast for å gje forvaltning, kommunane, grunneigar og publikum ei oppdatert status for miljøforhold i vassdraga, med spesiell vekt på fisk.

Utforming av arket "Miljøstatus" er gjort i samarbeid med:



For meir informasjon, sjå www.statkraft.no

